

Styret i Flatøy Bygdelag  
v/Leiar Birthe Ann Larsen  
Hjelten 40  
5918 Frekhaug

Meland Kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

### **UTTALE TIL KOMMUNEPLANENS AREALDEL**

Uttale frå Flatøy Bygdelag til kommuneplanens arealdel der høyringsfrist er sett til 1.oktober 2014.

Flatøy Bygdelag synast at det er positivt at det er laga ein heilskapleg plan for heile kommunen.

Våre innspel til høyringsutkastet er:

- Vi ber om at ein trygg gang- og sykkelsti frå Frekhaug til Flatøy kjem med i planen. Det må lagast ei sikker kryssing ved Fosekrysset fortrinnsvis overgangsbru eller undergang.
- Vi ber om at det kjem betre fram i planen korleis ein legg til rette for at Flatøy er/skal vere eit trafikalt knytopunkt både for buss, båt, bil og mjuke trafikantar.
- Vi ber om at ein minskar området som er teikna inn som næringsverksemd ved sjø på Flatøy. Dette er eit område som per i dag vert nytta som friluftsområde for fiske (frå land og frå båt), rekreasjon og ferdsel i sjø.
- Vi forventar at konsekvensutgreiingar etter gjeldande regelverk er på plass før utbygging tek til.